

Frå  
Styret i Volda Næringsforum

Til  
Gruppeleiarar politiske parti i Volda  
Volda kommune v/ Ordførar

Volda 26.03.2019

**Syner til sak om E39 Voldatunnelen, og møtet som vart halde på Volda Turisthotell 21.03.2019.**

Volda Næringsforum vil påpeike at det synet som vart fremma på møtet 21.03.2019 på Volda Turisthotell **ikkje** kjem frå næringsorganisasjonar som ligg i Volda. Næringslivet i Volda støttar ikkje forslaget om berre 2 bommar, som skal ligge ved Furene og ved innkøyring tunnel. Volda Næringsforum vil sterkt rå ifrå ei slik løysing som vil medføre ei særst uheldig konkurransevriding med store negative konsekvensar for lokalt næringsliv, særskilt innan handelsnæringa.

VNF har tidlegare slutta oss til oppmodinga frå næringslaga rundt oss om å fremje bompengesøknad for E-39 Voldatunnelen med større statleg bidrag, og etterskotsinnkreving av lokalt bidrag. Det har vore presisert at perioden for etterskotsinnkreving må vere kortast mogleg, bla for å sikre oppslutning om Volda sjukehus og bruken av Ørsta-Volda Lufthavn Hovden. Bomprinsippet etter gjeldande vedtak i Volda kommunestyret er noko næringslivet i Volda kan støtte. Noko anna meiner vi vil være svært øydeleggande for Volda, både med tanke på næringsliv, arbeidsmarknad og bulyst.

Vi ser argumentet om at bom mellom Volda og Ørsta kan stoppe noko handelslekkasje, då særleg frå Volda til Ørsta. Vi ser også oppsida i at Hornindal og Stryn, med sine **8 319** innbyggjarar\*, kan kome seg til Volda bomfritt og ikkje til Ørsta.

Men så er det likevel slik at dei store aktørane, anten offentleg, handel, sørvis eller industri, ser Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Hornindal og Stryn som ein marknad. Set vi passarspissen i Volda når over **56 500** innbyggjarar, inkl. studentar, Volda sentrum bom/ferjefritt på under ein time i dag. Deler vi markanden i bom og bomfri, slik bomplasseringane er foreslått (2 passeringar), vert den bom/ferjefrie Ørsta-marknaden med over 36 000 innbyggjarar mykje større enn den bom/ferjefrie Volda-marknaden på vel 20 500 innbyggjarar, inkl. studentar (som er her berre 8 – 9 månader i året). Ein differanse på over 15 500, -, tilsvarande ei stor sunnmørskommune.

Å selje inn at det er smart å etablere seg i Volda med foreslått bomløysing som bakteppe, framstår som ei umogleg oppgåve.

Ørsta har takka nei til samarbeid/«bypakke» og Volda bør takke nei til tunell dersom berre to bom-punkt. Den prisen vert eventuelt for høg for Volda.

*\*Innbyggjartal: SSB/Q4-2018 + rekna inn 3 000 fastbuande studentar i Volda.*

Med helsing

Styret i Volda Næringsforum

